

Fra: Leif Havre (leif_havre@hotmail.com)

Sendt: 17.10.2014 09:27:37

Til: Irene Fredheim Kronen

Kopi:

Emne: FW: Arbeidet med løa - førebels rapport

Vedlegg:

From: haa-aase@online.no
To: leif_havre@hotmail.com
CC: arildsaetre@muho.no
Subject: Arbeidet med løa - førebels rapport
Date: Mon, 6 Oct 2014 22:01:34 +0200

Hei!

Til no har arbeidet bestått i demontering av det skadde partiet i hjørna og delar av gavlen i grunnmuren. Nokså uventa viste det seg at muren i gavlen var eit nokså tynt «skal» og at det var store mengder med jordmassar bakom. Mykje av desse har vi, etter avtale, transportert bort i plastsekker til Stiftinga sin eigedom der massane skal brukast til jordforbetring i åkrane. Eg har no avtalt med Geir Sundal at vi kan køyra jord bort på grabakken bakom løa vis a vis, der han eig. Dette forenkler arbeidet med transport kraftig. Like fullt er arbeidet med transport av massar temmeleg tidkrevjande, men heilt nødvendig skal ein rydda grunnen for ei forsvarleg fundamentering og etablering av ein murfot for grunnmuren. Når muren skal reisast opp att, vil ein måtta fylla dette rommet med reine massar, dvs. større og mindre stein. Det murverket ein då vil få under hjørna, vil framstå som ei kompakt blokk som vil tola belastninga. Vi er no komne eit godt stykke ned i grunnen, men noko graving står att. Stein som blir plukka fram under gravinga, blir lagt til sides og skal nyttast opp att. Grunnforholda er vanskelege. Det ligg mykje blaut mold og ein del aur i botnen. Det er uvisst om det er mogleg å koma på fjell. Men når vi kjem på frostfritt nivå, vil det kunna vera greitt å leggja ei steinfylling som underlag for murfoten.

Det er ganske lett å sjå at det har vore ei alvorleg setning i hjørna slik skadane i murverket indikerer. Fleire av steinane i hjørna hadde bikka over og låg med kraftig hall utover. Du ser eit døme på det på vedlagde foto.

Når vi har grave, har også tilstanden til dreneringsgrøfta langs husveggen kome for ein dag. Dette har truleg ein gong vore ei kisteveit. På eit tidspunkt har det vorte lagt eit dreneringsrør av plast ned i grøfta. Eg hadde fått inntrykk av at det var eit rør for spriklaranlegget som var lagt ned, men det ser ikkje ut til å vera tilfelle. Det er rett og slett eit rør på 160 cm i diameter (?) som nok har som oppgåve å føra fram vatnet frå Litlebekken. Kvifor røret er lagt har eg inga forklaring på anna enn at kisteveite kan ho vore skadd og at dette var eit forsøk på reparasjon. Det er liten grunn til å rekna med røret har kapasitet til å ta unna alt vatnet som kjem, og vi ser at det renn vatn på utsida av røret, vatn som også må ha kunna renna inn i lausmassane ved og under grunnmuren og dermed medverka til utvasking. Elles må det seiast at steinen i grøfta meir eller mindre ligg hulter til bulter. Det som såleis ein gong har vore ei kisteveit, er meir eller mindre kollapsa. Dreneringa er i det store og heile lite effektiv.

Dei faktorane som er nemnde, både den opphavlege fundamenteringa og tilstanden til dreneringssytemet, kan saman ha medverka til dei skadane vi har sett på murverket.

Å finna ei løysing på dreneringsproblemet er ei klar utfordring i det vidare arbeidet. Eg tenkjer at løysinga vil bli om lag som dette: Når vi er ferdige med å grava ut lausmassar, legg vi ei solid

steinfylling i botn, deretter murar vi opp ein vange mot dreneringsgrøfta på den sida som er nærmast løeveggen. Noko inntrekt frå dette murlivet, og i flukt med eksisterande mur, legg vi grunnsteinane for sjølve grunnmuren og murar så denne ferdig. Vi kan ikkje ta tak i den andre vangen av veita enno, dvs. faktisk ikkje før grunnmuren er ferdig reist, fordi der står labbane som ber støttesystemet for huset! Her er det faktisk nødvendig å ha tunga beint i munnen.

Eg vonar dette gjev ei innblikk stoda i arbeidet. Ein verknad av desse heller store utfordringane er at det er vanskeleg for meg å seia korleis vi kjem ut med det økonomiske. Det er kanskje for tidleg å slå fast enno at vi vil overskrida det overslaget eg gjorde, men det er eit faktum at det har vorte meir arbeid med demontering, fjerning av massar og handtering av dreneringssystemet enn eg hadde rekna med. Så derfor torer eg heller ikkje seia at vi greier å halda oss innanfor den kostnadsramma som vart lagt til grunn.

Beste helsing
Haakon Aase